



DEN NORSKE KYRKJA
Spjelkavik sokn

Årsrapport 2025 Spjelkavik sokn

Årsmeldingar og årsregnskap

Foto: Helge Arne Hanken

Innhald

Årsmeldingar frå aktivitetane i soknet	4
Innleiing	4
Visjon	5
Viktige saker i 2025	5
Underutval	6
Gudstenester og kyrkjelege handlingar	7
Om statistikken	7
Soknepresten sine refleksjonar	8
Hatlehol interimkyrkje	10
Hatlehol kyrkjelydsutval	10
Hatlehol kyrkjebygg	11
Misjon	12
Misjonsavtalar	12
Samarbeid med Det Norske Misjonsselskap (NMS).....	12
Samarbeid med HimalPartner	12
Trusopplæring og barne- og ungdomsarbeid	13
Barne- og ungdomsutvalet.....	13
Trusopplæringa	14
Breiddetiltak i 2025.....	14
Faste aktivitetar i 2025	16
Samarbeid med barnehage og skule	18
Konfirmantarbeidet.....	18
Spjelkavik KFUK-KFUM-speidere.....	19
Blindheim KFUK-KFUM-speidere	20
Diakoni.....	21
Inkluderande fellesskap	21
Nestekjærleik	22
Kamp for rettferd og vern om skaparverket.....	23
12-treff og seniorutval	24
Torsdagskveld i kyrkja	26
Internasjonal kafé	28
Musikk- og kulturlivet i kyrkjelyden	29
Organisten si verksemd	29
Korskulen	31

Spjelkavik kyrkjekor	34
Borgund og Spjelkavik kyrkjeakademi.....	36
Avslutning og takk	37
Årsmelding etter §12 i forskrift om økonomiforvaltning i sokn i Den norske kyrkja	38
Soknerådet	38
Tilsette og stillingar	39
Økonomien til soknet	39
Driftsregnskapet.....	39
Utgifter	40
Bruk av fond	40
Investeringsregnskapet.....	41
Likestilling i sokneråd og stab.....	41
Årsregnskap 2025	42

Årsmeldingar frå aktivitetane i soknet

Innleiing

Spjelkavik sokn vart skilt ut frå Borgund sokn 1. juli 1977 og er i dag eitt av dei største sokna i Noreg. Spjelkavik kyrkje vart vigsla i oktober 1987. I tillegg til kyrkja vert gudstenester haldne i leigde lokale ved Ålesund folkehøgskule.

Soknet omfattar fleire område. I den ytre delen finn vi Lerstad, Åse, Furmyr, Olsvik, Moa og Spjelkavik, medan den indre delen omfattar Blindheim, Hatlehol, Flisnes, Emblem og øyane Tørla og Humla.

Til Spjelkavik kyrkje høyrer det ein urnelund, og soknet har gravplass på Hatlehol.



Visjon

Sidan det nye soknerådet tok til i november 2023, har §12, første ledd, i *Kirkeordning for Den norske kyrkja* vore den leiande visjonen for arbeidet.

§ 12. Menighetsrådets oppgaver

«Menighetsrådet skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i soknet, særlig at Guds ord kan bli rikelig forkynt, syke og døende betjent med det, dømte gis trosopplæring, barn og unge samlet om gode formål og legemlig og åndelig nød avhjulpet.»

Viktige saker i 2025

- Spjelkavik kyrkje i kvardag og fest
- Hatlehol kyrkjebygg
- Kyrkje med respekt og openheit for alle

Spjelkavik kyrkje i kvardag og fest

Denne årsmeldinga gir eit innblikk i det rike og mangfaldige livet i Spjelkavik sokn. Gjennom samtalar, treffpunkt og arrangement vert menneske samla på tvers av alder og livssituasjon. Kyrkja er ein stad der ein deler både dei største gledene og dei tyngste sorgene – og alt som ligg imellom.

Spjelkavik sokn opplever vekst på fleire område, både i det jamne kvardagslivet og i dei høgtidelege og festlege stundene.

Hatlehol kyrkjebygg

Sjå side 10-11 for meir om dette

Kyrkje med respekt og openheit for alle

16.oktober vart ein spesiell dag for mange, då preses Olav Fykse Tveit heldt pressekonferanse på London Pub og bad om orsaking på vegner av Bispemøtet.

I etterkant av denne orsakinga har vi i soknerådet arbeidd grundig med spørsmålet om korleis vi i Spjelkavik kyrkjelyd kan følgje dette opp i praksis. Soknerådet er levande oppteke av at kyrkja skal vere ein stad prega av tryggleik og respekt for alle menneske.

Som ei oppfølging av orsakinga frå Den norske kyrkja gjorde soknerådet følgjande vedtak (utdrag frå protokollen):

Samtidig ønskjer soknerådet å gi eit tydeleg og samlande signal om at kyrkjelyden arbeider for tryggleik og respekt for LHBT+-personar. Soknerådet vedtek difor at det skal arrangerast ei lokal markering av preses si offentlege unnskyldning til skeive, med gudsteneste i Spjelkavik kyrkje.

Underutval

Spjelkavik sokneråd har ansvar for å setje i verk tiltak på ulike område i kyrkjelydsarbeidet. Samstundes er det korkje mogleg eller ønskeleg at rådsmedlemmane skal stå for all verksemd på eiga hand. For å sikre ei god og effektiv styring, legg rådet vekt på å samordne, planleggje og initiere tiltak, heller enn å bruke møtetida på detaljert sakshandsaming eller operativt grunnlagsarbeid i alle saker.

Ein viktig del av soknerådet sitt arbeid er å *rekruttere medarbeidarar* som kan bidra i dei ulike oppgåvene og aktivitetane kyrkjelyden driv. I tillegg har rådet ansvar for å *sikre økonomisk grunnlag* for drifta, enten gjennom tilskot, gåver eller andre inntektskjelder. Gjennom denne måten å arbeide på kan soknerådet sørge for at kyrkjelydsarbeidet både er godt organisert og berekraftig over tid.

Spjelkavik sokneråd har følgande underutval

- Arbeidsutvalet
- Barne- og ungdomsutvalet
- Diakoniutvalet
- Kulturutvalet
- Hatlehol kyrkjebygg-utval
- Hatlehol kyrkjelyd-utval

I 2025 har Spjelkavik sokneråd i tillegg hatt følgande komitéar

- Sakrallys-komité
- Salong- og inngangsparti-komité

Gudstenester og kyrkjelege handlingar

Kva	2022	2023	2024	2025
Tal på gudstenester søn- og helgedagar	99	91	90	85
Tal på gudstenester utanom søn- og helgedagar	50	46	50	52
<i>Totalt antal gudstenester i Spjelkavik sokn</i>	<i>149</i>	<i>137</i>	<i>140</i>	<i>137</i>
Totalt frammøte på gudstenester søn- og helgedagar	8 803*	14 256	14 399	15 587
Gjennomsnittleg antal deltakarar på gudstenester søn- og helgedagar	89*	157	159	183
Totalt frammøte på gudstenester utanom søn- og helgedagar	7 843	7 082	8 248	8154
Gjennomsnittleg antal deltakarar på gudstenester utanom søn- og helgedagar	150	154	165	156
<i>Totalt frammøte på gudstenester</i>	<i>16 286</i>	<i>21 338</i>	<i>22 647</i>	<i>23 741</i>
Tal på gudstenester med nattverd	90	94	92	81
Tal totalt til nattverd	6 087	6 207	6 558	7 496
Dåp	91	101	78	93
Konfirmerte	189	189	214	188
Vigsel	1	4	9	9
Gravferder	137	140	128	130
Utmeldingar	63	76	63	69
Innmeldingar	9	26	13	20
Medlemmer pr. 31.12 i Den Norske Kyrkja	17 728	17 668	17 652	17 714

*Tala vart feilregistret i statistikken i 2022

Om statistikken

I fjor var det ei svak auke i gudstenestedeltakar for tredje år på rad. Talet på nattverddeltakar vart høgare. Dåps- og konfirmanntalla er ganske stabile. Det er ingen grunn til panikk, men det høge talet på medlemmar minner oss om at vi har eit potensiale i å få med fleire i arbeidet vårt.

Soknepresten sine refleksjonar

Den norske kyrkja si strategi for 2022-2029 ser slik ut:

Den norske kyrkja strategi for 2022–2029		1  Kyrkja opnar rom for tru	2  Kyrkja er der livet vert levd	3  Kyrkja er meir for fleire
 Kyrkja for den enkelte	1.1 Forkynner evangeliet til menneske gjennom heile livet	2.1 Styrkjer kyrkja som kulturarena og forvaltar av kulturarv for alle generasjonar	3.1 Gjev tilhøyrse og skapar gode møteplassar og fellesskap fysisk og digitalt	
 Kyrkja i samfunnet	1.2 Fremjar verdiar som utfordrar og som byggjer eit godt samfunn for alle	2.2 Bidreg til å verkeleggjere berekraftsmåla – lokalt, nasjonalt og globalt	3.2 Motverkar utanforskap og utforskar nye måtar å vere kyrkje på	
 Kyrkja som organisasjon	1.3 Styrkjer gjennom si organisering ei levande og nærverande folkekyrkje	2.3 Samhandlar med organisasjonslivet, andre trus- og kyrkjesamfunn, offentlege, private og ideelle aktørar	3.3 Skapar ein mangfaldig, rekrutterande og inkluderande arbeidsplass og frivilligarena	

Korleis artar arbeidet vårt seg i lys av denne strategien?

1.1. Forkynne evangeliet til menneske gjennom heile livet

Gjennom gudstenester, kyrkjelege handlingar, diakoni og undervisning får menneske i alle generasjonar høyre evangeliet. Men vi har ei stor utfordring i å bli meir relevante for dei som er i «ung vaksen»-fasen.

1.2. Fremjar verdiar som utfordrar og som byggjer eit godt samfunn for alle.

Gjennom konfirmasjonstida formidlar vi kristne verdiar til ein stor del av eit heile årskull. Slik prøver vi å vere eit korrektiv til mange av ideala som ungdom møter på nett. Men vi veit for lite om kva dei sit igjen med. Verdiformidling skjer også gjennom forkynning i gudstenester og kyrkjelege handlingar. Dåp og dåpssamlingar er også ei viktig arena for å formidle det kristne menneskesynet.

1.3 Styrkjer gjennom si organisering ei levande og nærverande folkekyrkje

Arbeide på Hatlehol med barnekor, strikkekafé og gudstenester gjer kyrkja meir nærverande i eit område som manglar kyrkje. Samstundes arbeider vi med å få reist ei kyrkje der.

2.1 Styrkjer kyrkja som kulturarena og forvaltar av kulturarv for alle generasjonar

Gjennom samarbeid med barnehage- og skule får mange unge møte kulturarven i kyrkja. Kulturutvalet i soknet har vore inaktivt ein periode men er no i gang i igjen.

2.2 Bidreg til å verkeleggjere bærekraftmåla

Vi har no fått kildesortering av avfall i kyrkja. Elles har vi ikkje noko planmessig arbeid her.

2.3. Samhandlar med organisasjonslivet, andre trus- og kyrkjesamfunn, offentlege, private og ideelle aktørar

Vi samhandlar med barnehagar og skuler, noko lokalt kulturliv samt aldersinstitusjonar og helse. Vi kan samarbeide meir med andre aktørar i lokalsamfunnet, men då må vi omprioritere arbeid.

3.1. Gjev tilhøyrslø og skapar gode møteplassar og fellesskap

Vi har et eit breitt tilbod om fellesskap for mange generasjonar.

3.2. Motverkar utanforskap og utforskar nye måtar å vere kyrkje på


Eit breitt diakonalt og gudstenestleg tilbod bidreg her. Det er ønske om kyrjekaffi etter alle gudstenester og ei besøksteneste. Det krev organisering som vi da må finne resursar til. Vi skulle gjerne hatt eit breiare tilbod for ungdom som treng gode fellesskap. Men vi nok ein kyrkjelyd som har mykje å gå på når det gjeld å utforske «nye måtar å vere kyrkje».

3.3. Skapar ein mangfaldig, rekrutterande og inkluderande arbeidsplass og frivilligarena

Det er mange frivillige som deltek i kyrkjelydens arbeid. Men vi strever med å skape ein «rekrutterande frivilligarena.» Det er utfordrande både organisatorisk etter nedskjeringar i seinare år.

Soknet sitt arbeid samsvarar godt med Den norske kyrkja si overordna strategi. Det er gledeleg at dette ikkje skuldast ein kortvarig skippertak, men spring fram av ei kultur som er bygd i kyrkjelyden over mange år.

Anders G. Grytten



«Den hellige familie»

Kjelde: boka «Glasskunsten i Spjelkavik kirke»

Hatlehol interimkyrkje

Hatlehol interimkyrkje er ei mellombels kyrkje som er ein del av Spjelkavik sokn. Sidan den permanente Hatlehol kyrkje enno ikkje er bygd, blir gudstenester haldne omlag annankvar søndag i festsalen på Ålesund folkehøgskole, som ligg i indre del av soknet.

Dette gir kyrkjelyden eit samlingspunkt for gudstenester og andre kyrkjelege aktivitetar medan dei ventar på at den nye kyrkja skal stå ferdig.

Hatlehol kyrkjelydsutval

Medlemer i utvalet	
Jannike Gangstø Rogne	Leiar
Inger Sofie Heggland	Medlem
Erik Schistad Staff	Medlem
Tore Johan Øvstebø	Medlem
Anders Grytten	Sokneprest
Sølvi Irene Ulvestad	Representant frå staben

Dette gler vi oss over det siste året

Hatlehol kyrkjelyd har mange frivillige som bidrar stort i arbeidet. Om lag 10-12 frivillige har medverka annankvar søndag, og gudstenestene har godt oppmøte. Konfirmantar har deltatt som ministrantar som del av konfirmantopplegget. Det har også vore fleire trusopplæringsaktivitetar, mellom anna utdeling av 4-årsbok og 1. klasseboka.

Våren 2025 var det tilbydd søndagsskule og bibelgjengen for barn og ungdom. Desse tilboda vart sette på pause hausten 2025 på grunn av lågt oppmøte og få frivillige. Sjølv om dette kan kjennast som eit tilbakesteg, er det viktig å ta med at kyrkjelyden har nye og verdifulle arenaer der vi møter barn og familiar. Eit av desse møtestadene er Minigospel, som samlast annankvar veke. Her er 30 barn i alderen 3-6 år registrert. I tillegg møtte både yngre og eldre søsken, foreldre og besteforeldre på øvingane. For andre år på rad inviterte kyrkjelyden også til familiearrangement på Halloween, der 30 små og store var samla til pizza, andakt, lek og godteri.

Annankvar veke er det strikkekafe, med sosialt fellesskap, gode samtalar rundt bordet og enkel kveldsmat. Det har vært inn om 25 unike personar, med snitt på 10 personar kvar gong.

Heime på Hatlehol har hatt fleire samlingar gjennom året. Dette er eit lågterskeltilbod der ein kan invitere naboar og vener. På våren var det i tillegg invitert til fleire temasamlingar. Desse kveldane har vore ein stad for samtale om det kristne livet og om tru i kvardagen.

Det er gjennomført to lørdagskafear, ein om våren og ein om hausten. Det var sal av kaker, leik for barna og innslag inspirert frå basar. Det var stort oppmøte i alle aldrar. Lørdagskaféen gav eit overskot på ca. 84.000 kr.

Dette er våre utfordringar framover

Hatlehol kyrkjelyd er avhengig av ein stor innsats frå frivillige i arbeidet. Dette gjer det nødvendig både å rekruttere nye frivillige jamleg og å ta godt vare på dei som allereie er engasjert i arbeidet.

Kyrkja må fortsette å skape gode møtestadar både i og utanom gudstenestene, og ha særleg merksemd på barn, barnefamiliar og alle nye som finn vegen til Hatlehol kyrkjelyd.

Hatlehol kyrkjebygg

Gjennom heile året har arbeidet vore prega av eitt gjennomgåande spørsmål: Korleis kan vi utforme eit bygg som gir soknet det det treng, samstundes som vi klarer å skape så stor entusiasme for idéen at politikarane er villige til å løyve midlar? På mange måtar opplevast dette som å stå i spagaten.

På den eine sida er det i kyrkjelyden eit ønske om eit flott og eige kyrkjebygg, som kan disponerast fritt til kyrkja sine aktivitetar. På den andre sida står kommunen i ein situasjon med stadig strammare økonomi og mange store prosjekt som må prioriterast dei komande åra.

Med dette som bakteppe har det vakse fram ein tanke: Kva om vi kan byggje eit funksjonelt bygg med eit flott og vigsla kyrkjerom, men som samtidig opnar for ei breiare og inkluderande bruk? Eit slikt bygg kan romme både kulturaktivitetar, kontor, møterom, storkjøkken, open kafé, barnehage, dagsenter for eldre, beredskapsrom – eller andre funksjonar som bydelen faktisk har behov for.

For å undersøkje om dette er ei retning det er grunnlag for å arbeide vidare med, vart Rodeo Arkitekter engasjerte til å gjennomføre ei behovskartlegging i bydelen. To fagpersonar frå Rodeo har hatt ansvar for arbeidet: ein samfunnspsykolog og ein arkitekt. Begge har erfaring frå liknande prosjekt i andre delar av landet.

Allereie det å setje i gang denne kartlegginga har gitt ny energi til arbeidet med Hatlehol kyrkjeprosjekt, og samstundes gitt oss verdifull innsikt i korleis vi kan utvikle eit bygg som faktisk blir eit «bygg med liv i».

Rapporten Rodeo no arbeider med, vil byggje på både kvantitative og kvalitative data. Arbeidet har vore prega av brei involvering og grundige prosessar. Rapporten er venta levert i løpet av første halvår 2026.

Misjon

Misjonsavtaler

Spjelkavik sokn har to aktive misjonsavtaler.

- **Det norske Misjonsselskap (NMS) – prosjekter i Midtausten**
 - Avtaleperiode: 01.10.2021-01.10.2025
- **HimalPartner – fasilitatorutdanning i Nepal**
 - Avtaleperiode: 01.06.2024 til 31.05.2026

Samarbeid med Det Norske Misjonsselskap (NMS)

Ved slutten av året vedtok soknerådet å fornye misjonsavtalen og samarbeidet med NMS for perioden 2026–2029. Samstundes vart Etiopia vald som nytt fokusområde for avtaleperioden. Evy Larsen vart også vald som kyrkjelyden sin kontaktperson i arbeidet mot NMS.

Samarbeid med HimalPartner

16. januar var det temakveld i kyrkjekjellaren. Filmskapar Jan Kåre Roald viste filmar frå påsketuren, med Åsrun Eli Håvik som leiar for kvelden. Omlag 80 personar møtte opp, og det vart gode samtalar og refleksjonar i etterkant.

Første påskedag 2025 gikk offeret til HimalPartner. Menigheita fekk ei helsing frå Bjørn Ødegaard om misjonsprosjektet: foreldrevegledning i landsbyane i Nepal, - som gjennom eit forskningsbasert program kalla ICDP, **International Child Development Programme (ICDP)** når langt. Godt utdanna mentorar når inn til tusenvis av foreldre og leiarar, så dei ikkje berre ser barna sine fysiske behov, men også deira psykososiale, intellektuelle og emosjonelle behov. Det hindrar fattigdom, analfabetisme og slavesalg.

Laurdag 25. april var rundt 80 konfirmantar på misjonsdag, i klasserom og i Amfiet på Spjelkavik ungdomsskule. Gruppevis var tenåringane med på smykkeverkstad og engasjerande foredrag med forteljingar og bilete. HimalPartner stilte med Gunn Roald, Katrine Bjørdal, Magne Åkre og Bjørn Ødegaard.

I 7 dagar i juni kom misjonær, forfattar og sjukepleiar Mirjam Bergh til Sunnmøre. Ho står bak Bethesda Sjelesorgsenter i Nepal. Ho heldt foredrag for lekfolk, men også prestar, kateketar og diakonar. Temaet var: «korleis drive varmare omsorg og diakoni, - og mindre kyrkjetukt i Nepal»

Den 17 oktober vitja Bjarte Birkeland staben i kyrkja. Han er ny generalsekretær for HimalPartner.

Den 14. desember, var det mini-julemesse på adventsgudsteneste i Hatlehol. Offeret var til HimalPartner.

Sidan hausten 2024 har sokneprest Anders Grytten vore kontaktledd for HimalPartner og planlagd fleire misjonsgudstenester. Planlegg: permanent synleggjering av Misjonsprosjektet i våpenhuset og fast givarteneste.

Trusopplæring og barne- og ungdomsarbeid

Barne- og ungdomsutvalet

Medlemer i utvalet	
Helen Myrstad Hovland	Leiar
Audun Halsen	Medlem
Jens Kristian Iversen	Medlem
Monica Dalseth	Medlem
Ingrid Kristin Staff	Representant frå soknerådet
Lars Andreas Aspehaug	Representant frå soknerådet
Kathinka R. Møller	Representant frå stab

Det har i 2025 vært avholdt 2 møter.

Barne- og ungdomsutvalget er glad over alle tilbudene som finnes for barn, unge og barnefamilier i menigheten. Oppslutningen er svært god på alle kontinuerlige tilbud, men kunne vært høyere når det gjelder deltakelse på invitasjonene som sendes ut til de ulike årskullene. Det er samtidig greit å være klar over at menigheten en del av et stort område der tilbudene flourer så alt i alt er det god oppslutning og stor optimisme. Ungdomsutvalget synes det er positivt at vi nå har familiegudstjenester med bokutdeling både i indre og ytre bydel.

Det har vært satset spesielt i indre bydel (Hatlehol) og høsten 2025 startet det opp mini-gospel for barn mellom 3 og 6 år. I Spjelkavik har korskulen sanggrupper for barn og ungdom i alle aldre og Klubbtilbud fra 2. klasse og oppover.

Utbedring av klatreveggen på kirketårnet var en sak som Barne- og ungdomsutvalget startet i 2024 og som fortsatt er under prosess. Utvalget håper denne snart blir realisert.

Barne- og ungdomsutvalget kan også se tilbake på både en stor og vellykket juletreffest i januar og sommerfest i juni.



Trusopplæringa

Trusopplæringa i 2025 har bestått av kyrkjelydspedagog Kathinka Røsberg Møller, kateketane Sølvi Irene Ulvestad og Jon Ivar Tønnesen, samt kapellan Bjarte Hove.

Opplegget omfattar både faste tilbod og breiddetiltak for ulike årskull.

Dei faste tilboda er jamlege samlingar som barn og ungdom kan delta på gjennom året.

Breiddetiltaka er årlege samlingar for spesifikke årskull, der kyrkjelyden sine medlemmer på kvart årskull får ein personleg invitasjon i postkassa.

Breiddetiltak i 2025

Babysong og konfirmantopplegget kan òg reknast som breiddetiltak, men dei er ikkje tatt med i denne oversikta. Konfirmantarbeidet er omtalt under ei eiga overskrift (s. 17), medan babysong er ført opp under faste aktivitetar. Prosenttala manglar fordi dei ikkje vart med i eksporten frå det nye planverktøyet.

- 1-årstreff med utdeling av boka om *Julebarnet*. (utsatt til 2026)
- 2-årstreff med utdeling av boka om *Noas ark*. (utsatt til 2026)
- 3-årstreff med utdeling av boka om *Jona*. (utsatt til 2026)
- 4-åringar: Undretur (Spjelkavik lørdag og Hatlehol torsdag) og gudsteneste med utdeling av «4-årsboka» både i Spjelkavik og på Hatlehol.
- Førskolesamling med utdeling av boka *Barabbas*, for 5 åringar. (utsatt til 2026)
- 1.-klassedag lørdag i Spjelkavik og bokutdeling av boka *Tre i eit tre* på gudstjeneste begge stader på søndagen.
- 2.-klasseklubb (3 ettermiddagar) med overgang til Legoklubben.
- Fiske- og skattejakt for 3.-klassingar (lørdag på Atlanterhavsparken) og gudsteneste med utdeling av boka *Skatten i Liljedal* i Spjelkavik.
- Tårnagenthelg for 4.-klassingar med invitasjon til å delta på gudsteneste.
- 10 års dåpsfest og gudstjeneste med utdeling av *Det nye testamente* for 5.-klassingar.
- Lys våken-helg for 6.-klassingar med utdeling av *Salmeboken* på hentegudstjenesten.
- Juniorkonfirmasjon for 7.-klassingar, 3 samlingar.
- Fredagsfilmen for 8.-klassingar. 3 samlingar med overgang til Filmklubben.

Tiltak	2023			2024			2025		
	Deltakarar	Prosent	Personer i målgruppa	Deltakarar	Prosent	Personer i målgruppa	Deltakarar	Prosent	Personer i målgruppa
1-årstreff	28 (gj.ført i -24)	18,26	155	27	15,88	170	UTSATT		
2-årstreff	24 (gj.ført i -24)	12	200	32	20,65	155	UTSATT		
3-årstreff	16	8,1	197	36	18	200	UTSATT		
4-åringar: Undretur	46	27,9	165	47	24,33	194	49		
Førskolesamling	11	5,7	193	21	10,82	194	UTSATT		
1.klassedag	34	16,9	201	28	18,06	201	19		
2.klasseklubb	13	6,3	205	18	8,96	201	16		
Fisketur- og skattejakt for 3.klassingar	28	13,6	206	15	7,35	168	9		
Tårnagenthelg for 4.klassingar.	9	3,9	232	9	4,39	205	18		
10 års dåpsfest for 5.klassingar.	13	5,4	241	8	3,42	234	6		
Lys våken-helg for 6.klassingar	18	7,5	241	18	7,69	234	24		
Juniorkonfirmasjon for 7.klassingar	9	4,0	228	22	9,32	236	34		
Fredagsfilmen for 8.klassingar	13	5,0	260	12	5,38	223	10		
Konfirmasjon (konfirmerte på våren)	190	77,6	245	214	81,06	170	188		

Faste aktiviteter i 2025

- Søndagsskolen i Spjelkavik, for 5-12-åringer. Kun 1 gang, på påskedag.
- Søndagsskolen og Bibeljengen på Hatlehol, for 5-12-åringer. Kvar gudsteneste.
- Babysong, haust: alder 0 år, vår: alder 1 år. 7 samlingar.
- Babysong 2 (for dei som går fleire runder). 7 samlingar.
- Mini-Cantus 1, småbarnssong for 1-2-åringer. Annakvar veke.
- Mini-Cantus 2, småbarnssong for 3-åringer. Annakvar veke.
- Hatlehol Minigospel, kor for 3-5-åringer. Annakvar veke.
- Cantus Vialis, kor for 4-5-åringer. Annakvar veke.
- Aspirantkoret for 1.-2.-klassinger. Annakvar veke.
- Barne- og ungdomskantoret fra 3. klasse. Kvar veke.
- Legoklubb fra 3. klasse. Kvar månad.
- Aktivitetsklubb fra 7. klasse. Kvar månad.
- Filmklubb fra 9. klasse. 1-2 gongar i månaden.
- Familiemiddag for barn/ungdom i følge med familien. Annakvar veke.
- Hybelmiddag for studentar/skoleelevar som bur på hybel. Kvar månad.



Den store juletefesten 2025

Foto: Kathinka R. Møller

Aktivitet	Deltakarar 2023	Deltakarar 2024	Deltakarar 2025
Søndagsskolen i Spjelkavik	33	8	8 (påskedag)
Søndagsskolen og Bibelgjengen på Hatlehol	20	20	3
Babysang,	92	70	60 vår, 49 haust
Babysong 2			43 vår, 11 haust
Mini-Cantus 1 og 2	<i>Deltakartal manglar</i>	57	67
Hatlehol Minigospel		28	40
Cantus Vialis	<i>Deltakartal manglar</i>	42	72
Aspirantkoret	<i>Deltakartal manglar</i>	7	22
Barne- og ungdomskantoriet	<i>Deltakartal manglar</i>	40	36
Legoklubb	29	47	37 vår, 54 haust
Aktivitetsklubb	38	30	18 vår, 18 haust
Filmklubb	22	22	26 vår, 25 haust
Familiemiddag	38 (54 inkl. vaksne o/18 år)	51	47 (86 inkl. vaksne o/18 år)
Hybelmiddag		19	9 (3 i snitt)

Samarbeid med barnehage og skule

Vi har eit godt samarbeid med skulane i samband med skulegudstenestene før jul. Som året før vart det også i 2025 gitt tilbod om skulegudsteneste på Hatlehol, i tillegg til på bedehusa på Blindheim og Emblem, og sjølvstilt i Spjelkavik kyrkje. Det er gledeleg at alle skulane i området også dette året valde å delta.

Når det gjeld samarbeidet med skulane elles gjennom året, vart det ikkje sett i gang nye tiltak i 2025. Her ligg det likevel forventningar om vidare utvikling i løpet av 2026.

Også barnehagane vart inviterte til førjulsgudstenester på dei to bedehusa og i kyrkja. Desse samlingane har god deltaking og er prega av fin julestemning. I tillegg får mange barnehagar besøk av ein frå staben i forkant av påske, der vi fortel påskeforteljinga for barna.

Konfirmantarbeidet

Vi har eit populært konfirmantopplegg der vi tilbyr konfirmantane ulike opplegg. Hausten 2025 vart det 6 grupper på konfirmantleir på Bjorliheimen, 2 grupper på KRIK-leir i Stjørdal (KonfACTION Trøndelag), 5 grupper KYRKJE-konfirmantar med samlingar i kyrkjekjellaren og 1 TUR/KLATRE-konfirmantgruppe med nettundervisning. Vi gir tilpassa undervisning og opplegg til dei som treng det i konfirmasjonstida. I tillegg har vi tilbod til EKSTERN-konfirmantar som er for dei som vil bli konfirmert i Spjelkavik kyrkje, men har lyst til å følgje eit anna konfirmant-opplegg (til dømes hos Misjonssalen, eit bedehus eller Pinsekirka). Ekstern-konfirmantane er med på fellesarrangementa i Spjelkavik.

Vi har lang tradisjon i Spjelkavik med å ha konfirmantane med på ministrantteneste i gudstenestene våre. Dette krev ein god del søndagsarbeid, særleg av dei to kateketane, men vi har så langt prioritert å få dette til. Vi har også lang tradisjon med å arrangere flotte og høgtidelege konfirmasjonsgudstenester.

Som nemnt i årsmeldinga frå 2024 har vi framleis knapt med ressursar til å gjennomføre konfirmantleir, sjølv om dei verste nedskjeringane er over. Vi er avhengige av mange frivillige foreldre for å kunne gjennomføre på ein god måte. Vi kunne også hatt fleire samlingar med KYRKJE-konfirmantane dersom vi hadde fleir ressursar.

Spjelkavik KFUK-KFUM-speidere

Medlemer i styret	
Astrid Tønnesen	Hovudleiar
Kristin Mørkeseth	Kasserar
Jon Ivar Tønnesen	Gruppeleiar
Erik Staff	Gruppeleiar

Medlemstal per 31.12.2025 var 34 medlemer, der 28 var under 26 år.

Kort rapport fra arbeidet i 2025:

Me har tilbud til stifinnarar (3.-4. klasse og nokre 2.-klassingar), vandrarar (5.-10. klasse) og roverar (opp til 26 år). Oppdagarar (1.-2. klasse) har me ikkje nok leiarar til. Møter annakvar tysdag, som regel ute (bl.a. utanfor kyrkja, på Geileberga, eller ved Turheisa i Spjelkavik).

Gruppetur til speiderstua på Ørskogfjellet, deltaking på Dyrøydagen og mange møter med bål.

Det store prosjektet vårt i 2025 var Landsleir i Gjøvik. Me reiste 10 speidarar, 4 roverar og 4 leiarar frå gruppa. Me reise saman med Blindheim og Fiskarstrand speidergruppe. Det var ein kjekk leir med mange spanande utfordringar, speidarane var med på mange aktivitetar. Dei gjennomførte haiken med glans. Me vart og godt kjent med ei Speidergruppe frå Austerrike.

Spjelkavik speidergruppe har i 2025 fått støtte frå Spjelkavik sokneråd, Frifond, Sparebanken Møre og Grasrotandelen, me takker for støtta.



Landsleir på Gjøvik 2025

Foto: Astrid Tønnesen

Blindheim KFUK-KFUM-speidere

Medlemer i styret	
Anja Bjørkavåg	Leiar
Kari Vatne	Kasserar
Ingvild Meling Havnes	Styremedlem
Åsrún Eli Håvik	Styremedlem

Speiderne på Blindheim har et tilbud til Oppdagere (1-2 klasse), Stifinnere (3-4 klasse), Vandrere (5-10 klasse). I 2025 hadde vi 25 registrerte medlemmer: 1 Oppdager, 13 Stifinnere, 3 Vandrere, 5 Rovere, 4 aktive (5 registrerte) ledere og 1 livstidsmedlem. Speidergruppen har hatt aktivitet annen hver tirsdag, i hovedsak på Stafsetneset. Alle møtene arrangeres utendørs, uansett vær. Vi har arrangert overnattingstur, kveldsmattur og ellers hatt fokus på speiderferdigheter. Roverne har ikke hatt noen aktivitet sammen med resten av speidergruppen.

Speidergruppen har deltatt på søppelplukking i fjæra ved Blindheimsbreivika, og med dette fått økonomisk støtte av Handelens Miljøfond.

Vi har rekruttert en ny leder siste året, og vi er takknemlig for å ha blitt en stabil ledergruppe. Ledergruppen deltok på arrangement i regi av krinsen «Kurs/inspirasjonskveld for ledere og rovere». Kurset ble holdt av representant fra Speiderkontoret og ga oss en innføring i aktivitetsbanken, møteplanlegging og «hva er speiding».

Aktiviteter vi vil fremheve:

Overnattingstur på Emblemssanden

Kveldsmattur på Emblemfjellet

Refleksorientering på Stafsetneset

Øving og gjennomføring av Bålmerket og Knivmerket.



Aktivitet i speidergruppa!

Foto: Ingvild M. Havnes

Diakoni

Medlemer i diakoniutvalet	
Åsrún Eli Håvik	Diakon
Vigdís Vartdal	Medlem
Marianne Baarholm	Medlem
Torill Alnes	Medlem
Siri Bergh Sætremyr	Medlem
Berit Brusdal	Medlem
Frøydis Flem	Medlem
Lars Andreas Aspehaug	Soknerådet sin representant

Inkluderande fellesskap

Kyrkjeklubben har fått både nye deltakarar og medarbeidarar i 2025. Arvid Havåg er med på piano frå hausten 2025. Klubb annankvar tirsdag i kyrkjekjellaren. Tur til Brusdalsheimen i juni. Julefest i desember.

Kyrkjeclubb – julegudsteneste. Bognesetgudsteneste vart ikkje gjennomført i 2025. Gudstenesta vart flytta til første tysdag kveld, på nyåret i 2026: Heilag tre kongarsdag med dramatisering, kyrkjekaffi og gang rundt juletreet.

Formiddagsgudsteneste ved kateketane og diakon Kvar første onsdag i månaden, med felles lunsj etterpå. Liturgi utan nattverd i 2025.

Internasjonal kafè. Ein laurdag i månaden ved Røde kors, Norsk folkehjelp og Spjelkavik kyrkje. Sjå eiga årsmelding for internasjonal kafé på s. 28.

Samling for konfirmantforeldre ikkje gjennomført i 2025, men årets kull er invitert til torsdagskvelden: “Psykt poetisk”, ved Robert Botn, våren 2026.

Kyrkjekaffi. Dei fleste søndagar er det kyrkjekaffi i Spjelkavik kyrkje. Det er kyrkjekaffi etter alle gudstenester på Hatlehol. Skjærtorsdagsmåltid med varm suppe etter kveldsgudsteneste. Festkake høgtidsdagane 1. påskedag, 17. Mai og 1. juledag. Grillfest ved sommaravslutning i juni og ved semesteroppstart i august. Kyrkjekaffi i kyrkjerommet etter minnegudstenesta og etter Keltisk kveldsbøn. Torskemiddag vart i 2025 erstatta med kaker, då storm og uvær ga mangel på torsk.

Strikkekafé Eit tilbod lagt til Ålesund Folkehøgskule, annakvar torsdag. Eit tilbod for alle som liker strikking, hekling m.m. eller berre ønsker eit stad å vere sosial. Servering av kaffe/te/kakao og enkel kveldsmat.

Nestekjærleik

Keltisk kveldsbøn er kveldsgudsteneste ein mandag i månaden, med musikk- og songglede, stillheit og bøn, dikt og refleksjon. Keltisk kveldsbøn har ei stabil medarbeidargruppe.

Stille dag med Geir Gundersen i februar. Deltakarar frå heile Sunnmøre tek ein retrett frå kvardagen. Teolog og predikant Gundersen gir undervisning og impuls til stillheit og bøn.

Institusjonsandakter på omsorgssenter, bukollektiv og helsehus i soknet. Gudsteneste, songstund, hyggetreff og andakt ved prest, diakon og kyrkjemusikarar. Gudstenester før jul og i påskeveka.

Samtaletid på Blindheim omsorgssenter annankvar onsdag ved prest eller diakon.

Tap, livsmot og håp. Undervisning på konfirmantleir ved diakon i samarbeid med prest.

Minnegudsteneste allehelgensaftan. Vi minnst dei som er døde siste året. Musikk, dikt og lystenning. Open kyrkje i forkant. Kyrkjekaffi i våpenhuset etterpå.

Sorgsamling "Møte med sorgen og livet som går vidare". Undervisning i Spjelkavik kyrkjekjeller, ved prest og diakon. Samtaler rundt småbord. Årleg kvar juni og november. Ope for deltaking frå Ålesund og omegn.

Sorggruppe i Spjelkavik kyrkjekjeller. Samarbeid på tvers av fellesråd. Ålesund kyrkjelege fellesråd dekkjer praktiske utgifter. To sorggrupper a 8 deltakarar avslutta våren 2025. Tre sorggrupper a 8 deltakarar starta opp hausten 2025. Gruppeleiarar var diakonar frå Spjelkavik, Ålesund/Voldsdalen, Borgund og Haram. Samt diakon og prest frå Sula.

Mat og prat, hybelmiddag for skoleungdom: Rett etter skuletid, siste tysdagen i månaden. Kvar haust er det nye skulekull med ungdommar. Denne hausten gjekk det nokre hybeltreff, før dei nye hybelbuarane fann fram til kyrkja. Det var åtte deltakarar med i 2025. Det er fint med biljardbord og brettspel. Middag og dessert. Fellessang: «Å du som metter liten fugl» som einaste «andakt».

Crossyoga Kurs januar til april i Spjelkavik kyrkjekjeller. Kursavgifta gjekk til undervisning for born, i Midtausten, som ikkje har skule; NMS (SAT-7) Kurs mai til juni, på Borgundfjordstien, var til inntekt for HimalPartner. Frå hausten 2025 var det kurs i eigna lokaler i Borgund menighetshus.

Besøk- og samtaletilbod. Prestar og diakon tek i mot til samtale og besøk i heimen. Det er lav terskel for å ta kontakt, ved å gjere ein avtale eller berre å komme innover. Kyrkja er open nær kvar dag og det er heilt greit å ta kontakt for ein prat med nokon av oss i staben.

Open kyrkje: Er kyrkja open og kyrkjerommet ledig, er alle velkomne inn til ei stille stund med lystenning, og for å sjå Håkon Bleken (1929-2025) sine glasmaleri.

Kamp for rettferd og vern om skaparverket

Fasteaksjonen til Kirkens nødhjelp har gode resultat kvart år.

Misjon. Kyrkjelyden har misjonsutval og har misjonsavtale med NMS og Himalpartner. I gudsteneste er misjon med i forbøn, offer og informasjon. Sjå meir under *misjon*.

Grøn kyrkjelyd. Målet er å behalde Spjelkavik kyrkjelyd som grøn kyrkjelyd. I 2025 starta kjeldesortering av matavfall i Spjelkavik kyrkje.

STOR TAKK TIL ALLE GODE MEDARBEIDARAR!

Diakoniutval, seniorutval og planleggingsgruppa for Torsdagskveld i kyrkja er tre fora der Diakoniarbeidet i Spjelkavik vert planlagt og koordinert gjennom eigne møte og i samarbeid med frivillige medarbeidarar.

På Hatlehol finst det òg eit imponerende og omfattande frivillig diakonalt arbeid. Her vert det arrangert kyrkjekaffi etter kvar gudsteneste, og fleire ulike aktivitetar gjennom året: «Stol på meg»-gruppa, fellesskapsgrupper, «Heime på Hatlehol» og laurdagskafé, barnekor, strikkekafé og temasamlingar nokre torsdagar på ettermiddag og kveld.

Dette arbeidet er heilt avhengig av frivillige som engasjerer seg og tek ansvar. Mange har stått i tenesta gjennom fleire år, og er ein stor rikdom for kyrkja og kyrkjelyden. Samstundes er det gledeleg at nye frivillige også kjem til og gjer det mogleg å starte opp nye aktivitetar.

Kvar einskild medarbeidar er viktig. Ei stor og varm takk til alle som bidreg i dette arbeidet.

12-treff og seniorutval

Medlemer i seniorutvalet	
Åsrun Håvik	diakon
Eldrid Solvang	medlem
Björg Rabbevåg	medlem
Rose Schaug-Pettersen	medlem
Atle Myklebust	medlem

Seniorutval med planleggingsmøter kvart halvår.

12-treff er formiddagstreff i Spjelkavik kyrkje siste onsdagen i månaden. Spennande og variert program, med ny gjest kvar gong. Andakt. Song, musikk, utlodning. Snittar og kaker. Seinsommartur til Brusdalsheimen kvar haust.

Takk til ei stabil medarbeidargruppe (sjå bilde) for tillaging snitter, kaffi, pådekking av porselensservice og oppvask. Her er det også tid til ein god prat i forkant av kvart treff. Takk til vikarmedhjelpar. Her er det plass til fleire.



Stabil medarbeidargruppe
Grete Waaler Lange (f.v.), Ingeborg Brevik, Rose Schaug-Pettersen,
Gerd Magerholm og Eldrid Solvang.

Foto: Åsun E. Håvik

Program for 12-treff 2025

Januar: Finn Ove Kaldhol: NMS i Kamerun

Februar: Olav Gading, nattverd før og no

Mars: Blindheim musikkor

April: Jan Arnold J. Møster: Døra – dikt frå levd liv

Mai: Anne Standal og Oddgeir Nossen: sang og musikk

Brusdalsheimen: I teneste i byen, ved Harald Grytten og Johan Grytten

September: Oddgeir Bruaset. Gjensyn, der ingen skulle tru at nokon kunne bu.

Oktober: Tor Rødseth band

November: Britt Walle Ekroll. Billedkunst i tilknytning til julehøytiden



Takk for muntre historier gjennom mange år, Harald Grytten (1938-2025). Bildet er frå seinsommartur til Brusdalsheimen i 2023. Grytten var også med 12-treffet, til Busdalsheimen, i 2025.

Foto: Åsrún E. Håvik

Torsdagskveld i kyrkja


Medlemer i tenestegruppa	
Anders Grytten	sokneprest
Åsrun Håvik	diakon
Torill Alnes	
Siri Bergh Sætremyr	
Randi Stige Øvstebø	
Solveig Ulstein	Piano til fellessong
Kristin Grepstad Mørkeseth	Frå hausten 2025
Raghild Holen Relling	Frå hausten 2025
Gunvor Starheim	Frå hausten 2026

Torsdagskveld i kyrkja er undervisning for vaksne med bibelundervisning eller dagsaktuelle tema. Tre tenestegrupper tek ansvar for to kveldar kvar. Dei har m. a. ansvaret for å lage til kveldsmat. Innkjøpa er gjort. Tenestegruppene blir innkalla til samling ein gong i semesteret, for å drøfte arbeidet for komande halvår. Takk til frivillige som har gått ut av tenestegrupper.

Takk til de som stiller opp ved behov!

Dato:	Tema våren 2025:	Innleiar:
16. januar	HimalPartner film - vår misjonsavtale	Jan Kåre Roald
30. januar	Folkehelse og kyrkja	Åsrun Håvik
13. februar	Misjon	Oddmund Måseide
27. februar	Namna minnelund	Bjarnhild Høgset
13. mars	Gudsnærvær	Kari Vatne
27. mars	Meditativ bibellesing	Ingebrigt Austnes

Dato	Tema hausten 2025:	Innleiar:
25. september	«Dragen, kvinna og barnet» om Mikkelmesse og Openberringa kap. 12	Bjarte Hove
23. oktober	Salmekveld i kyrkjerommet	Eivind Skeie
6. november	Vår Egyptiske reise	Olav og Gunvor Rønneberg
20. november	«Undring som livshaldning» Jesus i evangelia – korleis han snakkar til undringa vår	Anne Marit Riste
4. desember	Johannesevangeliet	Anders Grytten



«Jesu virke»

Kjelde: boka «Glasskunsten i Spjelkavik kirke»

Internasjonal kafé

Medlemer i styringsgruppa	
Ketil Hjelset t.o.m. juli Daniel Filar f.o.m. august	Spjelkavik kyrkje
Ingunn Aagård	Norsk Folkehjelp
Torunn Røyset Hole	Røde kors

Internasjonal kafé er eit samarbeidsprosjekt mellom Spjelkavik kyrkje, Røde Kors og Norsk Folkehjelp. Det har økonomisk støtte gjennom statlege integreringsmidlar. Prosjektet går i balanse, og kyrkja har altså ikkje utgifter knytt til arrangementa.

Kaféane er lagt til kyrkjelydssalen ein laurdag i månaden, frå kl.13.00 til kl.15.00, og det blir servert middag med etterfylgjande kaffi og dessert eller kaker. Den som har pengar, betaler 100 kroner for maten. Den som har mindre av slikt, får maten fritt.

Det er folk frå innvandarmiljøet som står for kjøkkenet, og dei mottar eit honorar for arbeidet. I 2025 engasjerte vi kokkar frå Sri Lanka, Syria, Ukraina og Bulgaria. Desse er også representert i styringsgruppa, saman med representantar for organisasjonane som står bak. Frå kyrkja si side er det Paula og Ketil Hjelset som har deltatt dei siste åra, og Ketil har også vore leiar for styringsgruppa. I 2025 tok Daniel Filar over leiaransvaret, men Paula og Ketil er med vidare.

I 2025 vart det arrangert ni kaféar, fem på vårparten og fire i hausthalvåret. Frammøtet varierte frå 45 til 75 gjestar, og folk av mange ulike nasjonalitetar har vore innom. Ein del av dei frammøtte er etnisk norske, og det er viktig for å kunne skape ein god integreringsarena.

Internasjonal kafé er eit reint diakonalt arbeid, og der er altså inga form for forkynning. Målet er å skape ein felles arena for samtale, der ein kan byggje ned murar og fordommar og øve seg på å leve saman på tvers av religion, etnisitet og kultur. Vi som står bak tiltaket opplever det som svært verdfullt, og vi har fått ei rekkje gode vener mellom innvandrarane.

På vegner av internasjonal kafé
Ketil Hjelset og Daniel Filar



Kurdisk mat
Foto: Ketil Hjelset

Musikk- og kulturlivet i kyrkjelyden

Organisten si verksemd

Året 2025 har vore eit litt annleis år for den kyrkjemusikalske aktiviteten, i og med at kantor Oddgeir Nossen gjekk ut i eitt års permisjon frå og med 1. september. Som vikar for Oddgeir N. kom Magnus Kløften inn, med eitt års vikariat, og oppstart frå 1. oktober. Ut over tradisjonell medverknad frå eigne og eksterne aktørar ved ulike gudstjenester og samlingar, vart det ikkje gjennomført noko større konsertprosjekt for 1. halvår i kyrkjelyden sin regi. 2. halvår vart det gjennomført fleire kyrkjemusikalske prosjekt, der kantor tok del.

Nemnast skal følgande arrangement:

Nyårskonsert i januar med ungdomskantoriet og samarbeidspartnar Ålesund kommunale kulturskule

«Salmejubel» 28.09. i Borgund kyrkje, der Spjelkavik kyrkjekor gjekk inn i samarbeid med Borgund kyrkjekor for å markere 100 år med Nynorsk Salmebok

Salmekveld 23.10. i Spjelkavik kyrkje, med deltaking frå forfattar og salmediktar Eyvind Skeie og Spjelkavik kyrkjekor, med tillegg av innleigde musistar, og stødig leiing av det heile frå tidlegare kantor Ola Eide

«Tonar frå det høge» 21.11., der vikarierende kantor Magnus Kløften gjennomførte ein orgelkonsert som inkluderte ein verbal presentasjon av orgelet, komponistar og dei store linjene i orgellitteraturen

Advents-/Lucia-konsert 13.12., der barnekora og ungdomskantoriet i kyrkjelyden var aktørar

Konsert i Spjelkavik kyrkje den 14.12., med framføring av Johann Sebastian Bach sine 3 første kantater frå «Juleoratoriet», eit samarbeid mellom kyrkjekora i Borgund og Spjelkavik, men óg Sunnmøre oratoriekor, som var formell arrangør

Likt tidlegare år vart det i 2025 óg engasjert eksterne musikkrefter til høgtidsdagar som 1. påskedag og 1. juledag. Den tradisjonelle Allehelgensmessa av Egil Hovland utgjekk dette året på den aktuelle dagen i kyrkjeåret.

Spjelkavik kyrkjelyd opplevast som ein engasjert og syngjande kyrkjelyd. Det er god song ved gudstenester og andre samlingar der song og musikk naturleg tek del. Til tider kan ein oppleve at kantorressursen ikkje fullt strekk til. Sjølv om differensierte arbeidsoppgåver ikkje heilt kan samanliknast, så er det mellom anna 3 heiltidstilsette prestar i kyrkjelyden, men berre ei fulltids kantorstilling. Ved behov på Hatlehol vert det nytta andre ressursar. Det kan óg nemnast at kantor deltek ved gravferdssemoniar i Blindheim bedehus, når seremoniar vert lagt dit i staden for i Spjelkavik kyrkje.

Kulturutvalet, som óg kan vera ein nyttig ressurs for kantor inn i dei kyrkjemusikalske aktivitetane, vart starta opp att igjen hausten 2025, med kantor, eitt medlem frå soknerådet (Severin Roald) og eitt ungdomsmedlem (Ruben R. Møller). Det er ynskjeleg å utvida utvalet med endå eit medlem, men det har så langt ikkje lukkast.

Kyrkjemusikalsk planarbeid kan med fordel reviderast i løpet av komande år, mellom anna grunna 40-årsjubileet for kyrkja som kjem i 2027, og der det er forventa at song- og musikkrefter vil involverast på ulike vis.

Den kyrkjemusikalske tradisjonen har prega Spjelkavik kyrkjelyd i fleire tiår, og speglast enno i jamnt over høg aktivitet og høg kvalitet i kyrkjelyden sine eigne krefter og aktivitetar. Det er gode instrument i Spjelkavik kyrkjerom, og dei er godt haldne ved like.

Kyrkjelyden sine kor øvar kvar veke, og tek normalt alle månadleg del i gudstenestelivet – barnekora på familiegudstenester og kyrkjekoret på høgmesser eller andre gudstenester, inkludert høgtidsgudstenester.

Frå eit kyrkjemusikalsk standpunkt er det ynskjeleg med ytterligare variasjon og forsøk på andre typer av gudstenestefeiring, som til dømes folkemusikkmesse eller jazzmesse. Her finst det gode erfaringar frå andre stader i landet, om ein freistar å prøva ut slike initiativ.

Samstundes aukar nok jamnt og trutt snittalderen på kjernen bland kyrkjelyden og kyrkjekoret. Ein kan med fordel tenka konstruktivt og reflektert rundt dette temaet i dei komande åra.

Som nevnt innleiingsvis, har 2025 vore eit litt annleis år for kyrkjelyden på musikkfeltet. Ein spesiell takk lyt rettast til tidlegare kantor Ola Eide, som har vore innleid ved ulike høve, men som óg gjekk inn som vikar i september månad, då det var behov for ei mellombels løysing.

Korskulen

Medlemer i styret	
Tereza Osdal	Leiar
Geir Tronvik	Styremedlem
Lars Andreas Aspehaug	Styremedlem
Emilie Alice Ødegaard	Styremedlem
Angelica Fagerheim	Ungdomsrepresentant

Styret har hatt styremøter gjennom året og avviklet årsmøte i mars 2025.

Ledere og dirigent

Korleder/dirigent:

Ragnhild Eide Akslen, Barne- og Ungdomskantoret
Kathinka R. Møller, Aspirantkoret

Kantor:

Oddgeir Nossen gikk ut i 1 års permisjon fra 1. september og Ola Eide vikarierte frem til Oddgeirs vikar Magnus Kløften var på plass 1.november.

Medlemmer og øvinger

Pr. 31. desember 2025 bestod Korskulen av 266 medlemmer fordelt på 2 babysanggrupper (0-1 år), 2 Mini-Cantusgrupper(1-3 år), Cantus Vialis (4-5 år), Aspirantkoret (1-2 klasse) og Barne- og ungdomskantoret (fra 3 klasse). Barne- og ungdomskantoret hadde pr.desember 28 aktive sangere og Aspirantkoret 8 sangere.

Babysang er hver tirsdag formiddag, Mini-Cantus annenhver mandag, Cantus Vialis annenhver onsdag. Aspirantkoret annenhver onsdag og Barne- og Ungdomskantoret øver hver onsdag fra 17.30-19.00. Ungdomskantoret har en egen øvelse etter at barnekantoret tar pause. Annenhver onsdag deltar aspirantkoret på siste del av øvingen. Det serveres kveldsmat etter hver øving. Aspirantene sang sammen med Barne- og Ungdomskantoret på gudstjenester.

Aktiviteter 2024:

Barne- og ungdomskantoret har hatt 37 øvelser og Aspirantkoret 21. Barne- og ungdomskantoret har deltatt med sang, drama, tekstlesing og bønn ved 6 familiegudstjenester. I tillegg sang de på Luciakonsert og juletreffest.

Cantus Vialis har hatt 17 øvelser og sang på familiegudstjeneste i oktober der 4-årsboka ble utdelt itillegg til sommerfesten og juletreffesten. Mini-Cantus har også hatt 40 øvelser deltok også på familiegudstjeneste med sommerfest og på juletreffesten.

Babysang har hatt 42 samlinger.

Barne- og ungdomskantoret var på kortur til Kjeldsund i mars og Aspirantene var på dagsbesøk.

Korets medlemmer har også deltatt på følgende samlinger:

- Kantorilederkurs Sykkylven
- Pilgrimsvandring over Dovre
- Korsommerskole Mjuklia
- Kantorilederkurs Molde
- Tur til Budapest med regional-ungdomskoret til Ung Kirkesang Møre/Nidaros
- Nyttårsleir i Oslo
- Ungdomskorsamling i Kristiansand
- Dirigentkurs i Mo i Rana
- Vårtreff i Bergen



Karneval for Barne- og Ungdomskantoret og Aspirantkoret
Foto: Kathinka R. Møller



Ungdomskantoriets nyttårsbord
Foto: Kathinka R. Møller



Nyttårsleir i Stavanger
Foto: Kathinka R. Møller

Spjelkavik kyrkjekor

Medlemer i styret	
Ketil Hjelset/Lidvar Flydal	Leiar
Helen Røsvik	Styremedlem
Anna Erdal	Styremedlem
Oddgeir Nossen/Magnus Kløften	Dirigent

Styret ved årsslutt består av Lidvar Flydal, leiar, og Helen Røsvik, Anna Erdal og kantor Magnus Kløften. Helen har særskilt ansvar for referatskriving og oppmøtereistrering. Anna har særskilt ansvar for noteforvaltning. Dette styret vart vald ved årsmøtet 27.2.25. Fram til då bestod styret av Ketil Hjelset, leiar, Helen Røsvik, Lidvar Flydal og kantor Oddgeir Nossen.

Leiing av koret

Kantor Oddgeir Nossen leia koret fram til sommaren. Han gjekk så ut i eitt års permisjon, og vart for ein periode avløyst av tidlegare kantor i Spjelkavik, Ola Eide. Kantor Magnus Kløften vart tilsett i vikariat frå 1.10., og var deretter også leiar for koret.

Øvingar, medviking i gudstenester og konsertar

Koret si primæroppgave er å medvirke i gudstenestene, herunder også høgtidsgudstenestene ved påske, pinse og jul. Men aktivitetsåret 2025 har også omfatta mange samarbeidsprosjekt for framføringar ved fleire konsertar.

Koret gjennomførte i alt 40 øvingar. Av desse var 20 eigne øvingar – resten var fellesøvingar i for innstudering av stoff til konsertar.

Kyrkjekoret har gjennom året tatt del i 11 gudstenester, alle i Spjelkavik kyrkje.

Etter tradisjonen samarbeidde koret med kyrkjekora i Borgund og Ålesund for innstudering av Dieterich Buxtehude's *Membra Jesu nostri*. Dette vart framført i Borgund kyrkje palmesøndag saman med orkester og solistar.

Etter invitasjon og i samarbeid med Borgund kyrkjekor deltok koret i arrangementet *Salmejubel* 28.9. i Borgund kyrkje, i høve 100-årsjubiléet for Nynorsk Salmebok. Same kveld var koret med på markering av Borgund kyrkjekor sitt 50-årsjubiléum.

Kyrkjekoret stod 23.10. som arrangør av *Salmekveld med Eyvind Skeie*. Den kjende salmediktaren og forfattaren leia oss gjennom kvelden med kåseri og framføring av eigne dikt. Koret – saman med Borgund kyrkjekor - framførte fleire av hans salmar og songar frå nokre av hans songsyklusar. Ola Eide hadde ansvar for øvingane fram mot dette arrangementet. Saman med Magnus Kløften (flygel/orgel) leia han koret under framføringa. Arrangementet fekk svært god oppslutning.

Sunnmøre Oratoriekor under leiing av Bert Handrick, inviterte også denne hausten Spjelkavik kyrkjekor og Borgund kyrkjekor for innøving og framføring av *kantate 1-3 av J. S Bach's Juleoratorium*. Konsertane vart haldne 13.12. i Volda kyrkje og 14.12. i Spjelkavik kyrkje. Framføringane var vellukka med god publikumsoppslutning. Sunnmøre

Oratoriekor hadde det administrative og økonomiske ansvaret for prosjektet. Kjetil Kvangarsnes hadde ansvaret for fellesøvingane som omfatta Spjelkavik og Borgund kyrkjekor.

Mot slutten av året øvde koret inn delar av samling *Fransk Julmusik* arrangert av Anders Øhrwall. Dette vart framført under høgmessa 1. juledag. Dette var også eit vellukka samarbeid med Spjelkavik Ungdomskantori som også tok del med solistar. Til framføringa deltok også innleigde musikarar på obo, fløyte og kontrabass.

Drifta i koret

Alle særøvingane vart haldne i Spjelkavik kyrkje. Øvingane for fellesprosjekta vart delvis gjennomførte i Borgund kyrkje og Ålesund kyrkje. Frammøte til øvingane har gjennomgåande vore godt. Likevel er koret sårbart i fleire av stemmegruppene ved forfall til øvingar og framføringar. Arbeidet med nyrekruttering til koret må derfor halde fram og intensiverast.

Koret får økonomisk stønad i forbindelse med korarbeidet frå Musikkens Studieforbund. Det vart også motteke økonomisk stønad til arrangementet Salmekveld med Eyvind Skeie. Økonomien i koret er god.

Ved utgangen av året hadde koret 19 medlemmer. Medlemstalet har vore stabilt gjennom året.

På vegner av Spjelkavik kyrkjekor

Lidvar Flydal

Borgund og Spjelkavik kyrkjeakademi

Medlemer i styret	
Marit Kaldhol	Leiar
Trond Stavseng	Styremedlem
Severin Roald	Styremedlem
Arvid Helle	Styremedlem
Solfrid P. Viset	Styremedlem
Stine Lerheim	Permisjon

Medlemstal pr. 31.12.2025: 68 registrerte medlemmar

Året som har gått

I 2025 har det lokale kyrkjeakademilaget gjennomført to opne publikumsarrangement.

Styret har hatt seks fysiske styremøte. To styremedlemmar har valt å gå ut av styret, desse er enno ikkje erstatta. Vi takkar Stine M Lerheim og Severin Roald for innsatsen.

Gjennom året har vi samarbeidd med Moa bibliotek og kyrkjelydane i Borgund og Spjelkavik.

Laget var representert med éin delegat på NKAs årsmøte sentralt, 21.-23. mars på Gran.

Dei opne publikumsarrangementa var desse:

- Olsokfeiring i juli – med høgtidsgudsteneste, foredrag og sosialt samvær/kafé. Mange kom til Borgund for å høyre foredraget ved Kristin Gunleiksrud Raaum: Heile bibelen, halve barndommen.
- I november fekk vi besøk av rettspsykolog Svein Øverland som snakka om psykisk helse –eller uhelse - med utgangspunkt i tittelen: Er det bruk for meg? Arrangementet var i samarbeid med Moa bibliotek.

På vegner av Borgund og Spjelkavik kyrkjeakademi

Marit Kaldhol

Avslutning og takk

Spjelkavik sokn er i god driv. Det er stadig flere som søker til våre arrangementer og aktiviteten er stigende. Det er det ikke alle kirker som opplever. Det er et stort ansvar å utføre de oppgavene som både prester, stab, frivillige og andre har tatt på seg. Ansvaret er å møte alle med respekt og gi alle en trygghet i møte både med mennesker og Gud.

Hilser alle med Johannes 13,34: *«Et nytt bud gir jeg dere: Dere skal elske hverandre. Som jeg har elsket dere, skal dere elske hverandre.»*

Dette setter en høy standard for vårt arbeid og den handler ikke bare om vennlighet, men å speile den kjærligheten Jesus selv viste – raus, inkluderende og handlende!

Vi jobber på videre og har du som leser dette gode innspill, idèer eller spørsmål så ikke nøl med å ta kontakt med en av oss i Spjelkavik Kyrkje

Kjell-Egil Hanken
Soknerådsleiar

Årsmelding etter §12 i forskrift om økonomiforvaltning i sokn i Den norske kyrkja

Soknerådet

Soknerådet har hatt 6 ordinære representantar og 4 vararepresentantar. I tillegg kjem soknepresten.

Soknerådet har hatt 8 møter og handsama 49 saker i 2025. Referat frå møta ligg tilgjengeleg på kyrkjelyden si heimeside. Årleg soknemøte vart gjennomført 15.05.2025.

Arbeidsutvalet er sett saman av soknerådsleiar, nestleiar, sekretær og sokneprest. Arbeidsutvalet førebur saker til soknerådsmøta og handsamar nokre mindre saker mellom møter ved behov.

Medlemmer i soknerådet	
Kjell-Egil Hanken	Leiar
Torunn Måseide	Nestleiar og representant til Fellesrådet
Anders Grytten	Sokneprest
Severin Roald	Sekretær
Ingrid Kristin Schistad Staff	Medlem, representant i Barne- og ungdomsutvalet
Jannike Gangstø Rogne	Medlem, leiar for kyrkjelydsutval Hatlehol
Bernt Laurits Skjong	Medlem
<i>Varamedlem</i>	
Lars Andreas Aspehaug	1.vara, representant Diakoniutvalet
Sveinung Remøy	2. vara
Berit Nerheim Andersen	3. vara
Arnfinn Kenneth Osdal	4. vara

Tilsette og stillingar

Prestane får si løn av Møre bispedøme, andre tilsette blir lønna av Ålesund kyrkjelege fellesråd.

Stillingstype og storleik	Namn	Merknad
Dagleg leiar, 50%	Astrid Josefine Eide	
Sokneprest, 100%	Anders Grytten	
Kapellan, 100%	Bjarte Hove	
Kapellan, 60-100%	Gunnhild Barstad Løvold	Vigsla 3.september
Kyrkjetenar, 80%	Daniel Filar	
Kantor, 100 %	Oddgeir Nossen	Permisjon fom 01.09.25
Kantor 100%	Magnus Kløften	Vikar fom 01.10.2025
Diakon, 100%	Åsrun Håvik	
Kateket, 100%	Jon Ivar Tønnesen	
Kyrkjelydspedagog, 100%	Kathinka R. Møller	
Kateket i trusopplæringa, 100%	Sølvi Irene Ulvestad	
Dirigent / korleiar, 15%	Ragnhild Eide Akslen	

Økonomien til soknet

Spjelkavik sokn fører rekneskap etter reglane i forskrift om økonomiforvaltning i sokn i Den norske kyrkja, med separate rekneskap for drift og investering. Den løpande verksemda i soknet vert finansiert gjennom driftsrekneskapen, medan større tiltak og anskaffingar vert førte i investeringsrekneskapen.

Investeringsrekneskapen omfattar i hovudsak midlane som er samla inn til ny kyrkje på Hatlehol. I tillegg vert renteinntekter og avkastning frå plassering av midlar hos Aktiv Forvaltning i Sparebanken Møre førte her.

- Driftsrekneskapen for 2025 viser eit regnskapsmessig mindreforbruk på kr. 138 842
- Investeringsrekneskapen viser eit regnskapsmessig mindreforbruk på kr. 1 040 955.

Driftsregnskapet

Inntekter

Brukarbetaling, sal, avgifter og leigeinntekter

Inntektene under denne posten ligg litt høgare enn regulert budsjett. Avviket indikerer god aktivitet i soknet gjennom året, og inntektsnivået står fram som stabilt og forutsigbart, samstundes som det er rom for variasjon ut frå aktivitetsnivå.

Refusjonar/overføringar

Denne posten er i samsvar med budsjett.

Tilskot og gåver

Denne posten ligg litt over budsjett. Dette skuldast mellom anna eit tilskot frå Norges Korforbund til gjennomføring av Salmekveld med Eyvind Skeie i oktober.

Andre tilskot, gåver og innsamla midlar

Denne posten ligg noko under regulert budsjett, men på line med eit normalt år. Inntektene her varierer naturleg frå år til år, avhengig av konkrete prosjekt, gåver og innsamlingar.

- Offer innsamla til eiga verksemd kr. 319 272
- Offer innsamla til andre, kr. 373 401
- Tilskot/gåver frå andre, kr. 287 114
- Givartenesta, kr. 65 950

Utgifter

Lønn og sosiale utgifter

Denne posten ligg nærmare opphaveleg budsjett enn det regulerte. Avviket heng saman med honorarutbetalingar, mellom anna til Internasjonal kafé, som kom mot slutten av året og difor ikkje vart fullt ut reflekterte i det regulerte budsjettet.

Kjøp av varer og tenester

Denne posten er i samsvar med budsjett.

Refusjonar/overføringar, meirverdiavgift

Desse postane er i samsvar med budsjett.

Tilskot og gåver til andre

Denne posten er i samsvar med budsjett.

- Kr. 15 000 i støtte til Speidergruppene Spjelkavik og Blindheim
- Overføring av offer og innsamla midlar til andre, kr. 373 401

Bruk av fond

Med unntak av ei overføring på kr 209 428 frå disposisjonsfondet for å dekkje eit tidlegare udekt beløp i investeringsrekneskapen frå 2023, har det ikkje vore brukt av fond i 2025.

Investeringsregnskapet

Inntekter

Brukarbetaling, sal, avgifter og leigeinntekter

Her ligg inntektene frå Lørdagkafé på kr. 84 045.

Andre inntekter

- Offer innsamla til ny kyrkje på Hatlehol, kr. 11 189
- Tilskot og gåver frå andre, kr. 38 879
- Givartenesta – ny kyrkje på Hatlehol, kr. 40 000

Renteinntekter

Renteinntekter frå plassering av midlar hos Aktiv Forvaltning i Sparebanken Møre utgjer kr 871 755 i 2025.

Overført frå driftsregnskapet

Som følgje av eit udekt beløp i investeringsrekneskapen frå 2023 vart det i 2025 overført kr 209 429 frå disponible midlar til investeringsrekneskapen. Beløpet gjaldt innkjøp av ny miksepult i Spjelkavik kyrkje i 2023.

Framovermelding

Soknet har ved utgangen av 2025 ein stabil økonomisk situasjon. Den ordinære drifta ligg i hovudsak innanfor dei rammene som er lagt i budsjettet, og driftsrekneskapen viser eit mindre mindreforbruk.

Investeringsrekneskapen er i hovudsak knytt til midlane som er samla inn til ny kyrkje på Hatlehol. Renteinntekter og avkastning frå plassering av desse midlane vert også førte i investeringsrekneskapen, og er øyremerkte dette prosjektet. Desse midlane skal difor ikkje nyttast til finansiering av den ordinære drifta i soknet.

Arbeidet med planlegging og realisering av ny kyrkje på Hatlehol vil også i åra framover vere eit sentralt satsingsområde for soknet. Soknerådet vil samstundes arbeide for å sikre ei berekraftig drift innanfor dei økonomiske rammene som ligg til grunn for verksemda.

Likestilling i sokneråd og stab

I Spjelkavik sokneråd er det 8 faste medlemmar, 6 av dei er folkevalde pluss sokneprest. Av dei faste medlemmane er det 5 menn og 4 kvinner. Av dei tilsette i faste stillingar var det i 2025, 6 kvinner og 5 menn.

Årsregnskap 2025

Spjelkavik Sokn

Regnskapsskjema - Drift, Spjelkavik Sokn		Regnskap	Regulert budsjett	Opprinn. budsjett	Regnskap
		2025	2025	2025	2024
Inntekter:					
600-659	Brukerbetaling, salg, avgifter og leieinntekter	686 677	652 500	799 500	666 489
660-679	Salg av driftsmidler/fast eiendom			0	
700-789	Refusjoner/overføringer	148 466	153 500	117 500	119 336
790	Kalk. inntekt ved komm. tj.ytingsavtale			0	
800-829	Statlige tilskudd	17 345	8 000	70 000	14 940
830-839	Rammeoverføring/tilskudd fra egen komm.			10 000	
840-859	Tilskudd fra fellesråd/menighetsråd			0	
860-879	Andre tilskudd, gaver, innsamlede midler	1 045 743	988 500	940 000	1 050 902
Sum driftsinntekter		1 898 231	1 802 500	1 937 000	1 851 667
Utgifter:					
010-099	Lønn- og sosiale utgifter	74 774	53 000	80 000	88 045
100-299	Kjøp av varer og tjenester	1 108 862	1 004 800	1 267 000	1 195 228
(300-389)+429	Refusjoner/overføringer, merverdiavgift	108 037	112 000	150 000	181 598
390	Kalk. utg. ved komm. tj.ytingsavtale			0	
(400-479)	Tilskudd og gaver	388 406	318 250	440 000	429 736
Sum driftsutgifter:		1 680 079	1 488 050	1 937 000	1 894 607
Brutto driftsresultat:		218 152	314 450	0	-42 940
900-909	Renteinntekter og utbytte	55 690		0	51 738
920-929	Mottatte avdrag på utlån				
500-509	Renteutgifter og låneomkostn.				
510-519	Avdrag på lån				
520-529	Utlån, kjøp av aksje, andeler o.l				
Netto finansinntekter/-utgifter		55 690	0	0	51 738
590	Avskrivninger note 1	89 600			89 600
990	Motpost avskrivninger	89 600			89 600
Netto driftsresultat		273 842	314 450	0	8 798
Interne finansieringstransaksjoner:					
930	Bruk av udisponert fra tidl. år (overskudd)	177 673			
940-949	Bruk av ubundne fond note 3	380 631			
950-959	Bruk av bundne fond note 4				
960	Bruk av likviditetsreserve				
Sum bruk av avsetninger		558 304	0	0	0
530	Avsatt til dekning fra tidl. år (underskudd)	171 202			
540-549	Avsatt til disposisjonsfond note 3	277 673			
550-559	Avsatt til bundne fond note 4	35 000			180 000
560	Avsatt til/styrking av likviditetsreserven				
570	Overført til investeringsregnskapet	209 429			
Sum avsetninger		693 304	0	0	180 000
580	REGNSKAPSMESSIG MINDREFORBRUK	138 842	0	0	
980	REGNSKAPSMESSIG MERFORBRUK				171 202

Regnskapsskjema - Investering, Spjelkavik Sogn		Regnskap	Regulert	Opprinn.	Regnskap
		2025	budsjett	budsjett	2024
		2025	2025	2025	
010-299	Investeringer i anleggsmidler	914			-324
429	Merverdiavgift				
479	Kostn ifm arv				
340	Refusjon andre				
510	Avdrag på lån (ekstraord)				
520-529	Utlån, kjøp av aksjer, andeler o.l.				
530	Dekning av tidligere års udekket	209 429			
540-560	Avsetninger				760 542
	Note 4				
Årets finansieringsbehov		210 343	0	0	760 218
Finansiert slik:					
7280	Mva				
6212	Brukerbetalinger	84 045			
8740	Andre inntekter	86 069			94 447
8700	Tilskudd/gaver fra andre				
9000	Renteinntekter	871 755			665 771
920	Mottatte avdrag på utlån (ekstraord)				
Sum ekstern finansiering		1 041 870	0	0	760 218
970	Overført fra driftsregnskapet	209 429			
940-960	Bruk av avsetninger	0			0
Sum finansiering		1 251 298	0	0	760 218
580/980	Udekket/udisponert	1 040 955	0	0	0

Regnskapsskjema - BALANSE Spjelkavik Sogn		Regnskap	Regnskap
		2025	2024
EIENDELER:			
Kap x.2	Anleggsmidler		
	Note 1		
x.27-x.29	Faste eiendommer og anlegg	5 437 358	5 526 958
x.24-x.26	Utstyr, maskiner og transportmidler	5 437 358	5 526 958
x.22-x.23	Utlån		
x.21	Aksjer og andeler		
Kap x.1	Omløpsmidler	16 162 259	15 044 804
x.13-x.17	Kortsiktige fordringer	Note 2	436 550
x.18	Aksjer og andeler		179 995
x.12	Sertifikater		
x.11	Bank bundet til Hatlehol kyrkje	14 283 401	13 373 261
x.10	Kasse, bankinnskudd drift	1 442 308	1 491 548
SUM EIENDELER:		21 599 616	20 571 762
EGENKAPITAL OG GJELD:			
Kap 2.x	Egenkapital	21 542 025	20 316 829
x.56-x.58	Disposisjonsfond	Note 3	1 128 564
x.51-x.52	Bundne driftsfond	Note 4	467 730
x.53-x.54	Ubundne investeringsfond		
x.55	Bundne investeringsfond 4	Note	13 328 577
x.5950	Regnskapsmessig merforbruk		-171 202
x.5900	Udekket i investeringregnskapet		-209 429
x.5960	Regnskapsmessig mindreforbruk		177 673
x.5970	Regnskapsmessig mindreforbruk	138 841	
x.5800	Udisponert investeringsregnskap	1 040 955	
x.5980	Likviditetsreserve		
x.5990	Kapitalkonto Note 5	5 437 358	5 526 958
GJELD			
Kap x.4	Langsiktig gjeld:	0	0
x.41-x.42	Ihendehaverobligasjonslån		
x.43-x.44	Sertifikatlån		
x.45-x.49	Andre lån		
Kap x.3	Kortsiktig gjeld:	57 590	254 934
x.31	Kassekredittlån		
x.32-x.39	Annen kortsiktig gjeld 6	Note	57 590
			254 934
SUM GJELD OG EGENKAPITAL:		21 599 616	20 571 763
Kap x.9	Memoriakonti:	0	0
x.9100	Ubrukte lånemidler		
x.9200-x.9899	Andre memoriakonti		
x.9999	Motkonto for memoriakontiene		

Noter til årsregnskap 2025 Spjelkavik Sogn

Note 1

Anleggsmidler

	Inng saldo	Avskrivninger	Aktivering	Utg.saldo	Avskrivnings- periode
Utsmykning	730 239			730 239	Ingen
Glassmaleri	3 350 221			3 350 221	Ingen
Kyrkjeorgel	891 000	-23 000		868 000	60 år
Lydanlegg	233 929	-17 500		216 429	20 år
Petrof Flygel	22 200	-11 100		11 100	20 år
Nærmiljøanlegg	166 000	-23 000		143 000	20 år
Oppussing kjøkken	132 000	-15 000		117 000	20 år
Aksje og andeler	1 369			1 369	Ingen
	5 526 958	-89 600	0	5 437 358	

Note 2

Kortsiktige Fordringer

Momskompensasjon	106 037
diverse fordringer	64 432
kundefordringer	266 080
Kortsiktige fordringer i alt	436 550

Note 3

Ubundne fond

	Inng saldo	Bruk av fond	Avsatt til fond	Utg.saldo
Disp.fond Menighetsråd	1 231 523	-202 958		1 028 565
Disp.fond "gave 2025"			100 000	100 000
Disposisjonsfond i alt	1 231 523	-202 958	100 000	1 128 565

Noter til årsregnskap 2025 Spjelkavik Sogn

Note 4

Bunde Driftsfond

	Inng saldo	Bruk av fond	Avsatt til fond	Utg.saldo
B.dr.f.Diakonatmidler	192 730			192 730
B.dr.fond, - Stabsbygging	15 000		35 000	50 000
B.dr.fond, utsmykking kyrjerommet	45 000			45 000
B.dr.fond, Scenelys i kyrkjerommet	180 000			180 000
Bunde driftsfond i alt	432 730	0	35 000	467 730

Bunde Investeringsfond

	Inng saldo	Bruk av fond	Avsatt til fond	Utg saldo
	13 328			13 328
Fond Hatlehol kyrkje	577			577
	13 328			13 328
Bundne investeringsfond i alt	577	-	-	577

Note 5

Kapitalkonto

Inngående Saldo	5 526 958
Aktivering anleggsmidler	
Avskrivninger anleggsmidler	-89 600
Utgående saldo	5 437 358

Note 6

Annen kortsiktig gjeld

Offer til andre	
Leverandørgjeld	57 590
Annen kortsiktig gjeld i alt	57 590

Note 7

Endring i arbeidskapital

Fra balansen	Omløpsmidler	Kortsikt.gjeld	Sum
Saldo 01.01.	15 044 804	254 934	
Saldo 31.12.	16 264 713	57 590	
Årets endring i balansen	1 219 909	-197 343	566

1 022

Fra bevilgningsregnskapet	Driftsregnskapet	Inv.regnskapet	Sum
Sum			
inntekter	1 898 231	170 115	2 068 346
Sum utgifter	-1 680 079	-914,16	-1 680 993
Eksterne finanstransaksjoner			
Årets endring i bev.regnskapet	218 152	169 200	387 352

Note 8

Ytelse til daglig leder

Ålesund kyrkjelege fellesråd som arbeidsgiver er ansvarlig for lønn til daglig leder og utbetaler møtegodtgjørelse til medlemmer i soknet.